

Oppmålingsgebyr

Gebyr for arbeider etter matrikkeloven i Tysvær kommune
(Loven § 32, matrikkelforskriftene § 16):

1 Oppretting av grunneigedom og festegrunn

areal frå 0 – 500 m ²	kr 20.508
areal frå 501 – 2000 m ²	kr 26.662
areal frå 2001 – 4000 m ²	kr 32.817
areal frå 4001 – 6000 m ²	kr 38.970
areal frå 6001 – 8000 m ²	kr 45.119
areal frå 8001 – 10 000 m ²	kr 51.274
areal frå 10 da. – auke pr. da.	kr 513

Ved samtidig oppmåling av fleire tilgrensande tomter som er rekvirert av same rekvirent, skal gebyret reduserast slik:

- 6 - 10 tomter: 10 % reduksjon.
- 11 - 25 tomter: 15 % reduksjon.
- 26 og fleire: 20 % reduksjon.

2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn

areal frå 0 – 500 m ²	kr 20.508
areal frå 501 – 2000 m ²	kr 26.662
areal frå 2001 m ² – auke pr. da.	kr 1027

3 Oppretting av uteareal på eigarseksjon

Gebyr for tilleggsareal pr. eigarseksjon	
areal frå 0 – 50 m ²	kr 12.306
areal frå 51 – 250 m ²	kr 15.381
areal frå 251 – 2000 m ²	kr 18.459
areal frå 2001 m ² – auke pr. da.	kr 1.027

4 Oppretting av anleggseigedom

Gebyr for oppretting av anleggseigedom	
volum frå 0 – 2000 m ³	kr 38.455
volum frå 2001 m ³ – auke pr. da.	kr 20.508

5 Registrering av jordsameige

Gebyr for registrering av eksisterande jordsameige blir fakturert etter brukt tid, sjå punkt 21.

6 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning

Viser til punkt 1 til punkt 5. I tillegg kan det komme tilleggsgebyr for å utføre oppmålingsforretning.

7 Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering

Gebyr for utført arbeid når saka blir trekt før den er fullført, må avvisast eller ikkje lar seg matrikkelføra på grunn av endra heimelsforhold settes til 1/3 av gebyrsatsane etter punkt 1 og punkt 2.

8 Grensejustering av grunneigedom

Ved gebyr for grensejustering kan arealet for involverte eigendomar justerast med inntil 5 % av eigedomen sitt areal. (maksimalgrensa er sett til 500 m²). Ein eigedom kan ikkje gje frå seg areal som i sum overstig 20 % av eigedomen sitt areal før justeringa.

areal frå 0 – 250 m ²	kr 12.306
areal frå 251 – 500 m ²	kr 16.407

9 Grensejustering av anleggseigedom

Ein anleggseigedom kan justerast med inntil 5 % av arealet til anleggseigedomen, men den maksimale grensa blir sett til 1000 m²

areal frå 0 – 250 m ²	kr 20.508
areal frå 251 – 1000 m ²	kr 26.662

10 Arealoverføring av grunneigedom

Ved arealoverføring skal oppmålingsforretning og tinglysing gjennomførast. Arealoverføring fører til at det må betalast dokumentavgift

areal frå 0 – 250 m ²	kr.12.306
areal frå 251 – 500 m ²	kr.15.382
Arealoverføring pr. nytt påbegynt 500 m ²	
Medfører ei auke av gebyret på.	kr 2.052

11 Arealoverføring av anleggseigedom

For anleggseigedom kan areal som skal overførast frå ei matrikkeleining til ei anna, - ikkje vere registrert på ei tredje matrikkeleining. Arealet kan berre overførast til ei matrikkeleining dersom vilkåra for samanføyning er til stades. Matrikkeleininga skal utgjera eit samanhengande areal.

areal frå 0 – 250 m ²	kr 32.817
areal frå 251 – 500 m ²	kr 41.019
Arealoverføring pr. nytt påbyrja 500 m ² medfører ei auke av gebyret på:	kr 3.076

12 Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning

For inntil 2 punkter	kr 4.576
For overskytande grensepunkt, pr. punkt	kr 616

13 Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidlegare er koordinatbestemt / eller klarlegging av rettar

For inntil 2 punkter	kr 10.257
For overskytande grensepunkt, pr. punkt	kr 2.052

Ved oppmålingsforretning over alle grensene til ein eksisterande eigedom, er gebyret 50 % av gebyrsatsane i punkt 1.
Gebyr for klarlegging av rettigheter skal fakturerast etter brukt tid, sjå punkt 21.

14 Privat grenseavtale

For inntil 2 grensepunkt eller 100 m grenselengde	kr 10.257
For kvart nytt punkt eller påbegynt 100 m grenselengde	kr 2.052

Det rimelegaste alternativet for rekvirent bør veljast.
Alternativt kan gebyr fastsetjast etter brukt tid.

15 Urimeleg gebyr

Dersom gebyret openbart er urimeleg i høve til dei prinsipp som er lagt til grunn, og det arbeidet og dei kostnadane kommunen har hatt, kan rådmannen eller den han/ho har gitt fullmakt, av eige tiltak fastsetje eit passende gebyr.

Fullmaktshavar kan under same føresetnader og med bakgrunn i grunngitt søknad frå den som har fått krav om betaling av gebyr, fastsetje eit redusert gebyr.

16 Betalingstidspunkt

Gebyret skal krevjast inn etterskotsvis.

17 Endringer i grunnlaget for matrikkelføring av saken

Dersom rekvirenten under sakens gang endrar grunnlaget for matrikkelføring, skal det likevel betalast gebyr.

18 Utarbeiding av matrikkelbrev

Matrikkelbrev inntil 10 sider	kr 175,-
Matrikkelbrev over 10 sider	kr 350,-

Endring i maksimalsatsane blir regulert av Statens kartverk i takt med den årlege kostnadsutviklinga, viser til § 16 i matrikkelforskriftene.

19 Større areal til landbruks- allmenn- fritids- og andre allmennyttige formål

For areal større enn 4 da. kan gebyret utreknast etter brukt tid eller etter 50 % av gebyrsatsane i punkt 1.
Minstegebyr kr.32.817

20 Tinglysingsgebyr og eventuell dokumentavgift skal betalast av rekvirenten

21 Andre tenester

For arbeid som ikkje passar inn i klassane over, og når gebyret skal utreknast etter brukt tid, vil arbeidet bli fakturert med kr.1.231 pr. time.